

Lindås Brygge
v/LB-Bevertning

Lindås, 21.10.2017

**Ref.nr 01/10 Oppmoding om endring av alkoholpolitisk plan for Lindås kommune, og
søknad om utvida skjenketid Lindås Brygge (v/LB-Bevertning, Org.nr.: 918 403 914)**

LB-Bevertning søker med dette om utvida skjenketid for Lindås Brygge på fredagar og laurdagar. Per i dag har gjeld følgjande tider:

Sal av alkohol klasse 3	kl.01.00
Sal av alkohol klasse 1 og 2	kl.02.00
Alkohol utandørs	kl.01.00

Vi søker om følgjande utviding av tidene på fredagar og laurdagar:

Sal av alkohol klasse 1, 2 og 3	kl.02.00
Alkohol utandørs	kl.02.00

Bakgrunn for søknaden:

Vi driv i ei særskilt konkurransesett bransje, noko som gjer oss veldig sårbare dersom konkurrerande verksemder kan drive under andre vilkår. Det vart frå 1.1.2017 innført nye nasjonale retningslinjer for skjenketider. Dersom ein kommune ikkje har vedtatt eigne skjenketider, er det dei nasjonale tidene som skal vere gjeldande. Lindås kommune har eigne retningslinjer, men dei er ikkje blitt endra etter 1.1.2017. I Bergen kommune har dei ei eins skjenketid for alle alkoholklassar til kl.02 på fredagar og laurdagar. I Austrheim har dei same skjenketider som i Lindås kommune, men desse tidene gjeld både innandørs og utandørs (ref. skjenkeløyvet for Kilststraumen brygge frå 15.2.2017).

Lindås brygge opplever at mange gjester er godt kjende med kva skjenkeregler og -tider som gjeld ulike stader, og vi må stadig argumentere med gjestane i høve til at vi må ha ein strengare praksis enn konkurrentar over kommunegrensa. Særskilt opplever vi det krevjande å få forståing for at all alkohol må vere innandørs til kl.01, ikkje minst for dei som skal ut for å røykje, og som då må setje att drikkevarene sine innandørs.

Framtidsplanar:

Etter eit lokalt initiativ, fekk LB-Bevertning drift på Lindås brygge att 1.4.2017. Det har dette halvåret blitt investert i biljardbord og darttavle. Det er òg investert i utstyr for lyd og biletet, mellom anna med skjermar i alle rom. Vi har denne veka kjøpt lisens og kome i gang med å vise fotball. Det er starta eit arbeid med oppgradering av kjøken og kjøl/frys, sånn at vi kan tilby eit utval av enklare rettar i store delar av opningstida, samt kunne ta imot selskap med matservering, samt drive med catering. Vi ønskjer også å kunne tilby ein «dagens middag».

Vi ønskjer at Lindås brygge ikkje berre skal vere ein lokal pub for vaksne, men òg å ha eit tilbod til dei yngre, med spelkveldar, ungdomsdiskotek og mogleg musikkverkstad. Vi har fått installert raskaste fiber for internett og planar om å arrangere LAN-party i skuleferiar. Dette vil då sjølv sagt vere alkoholfrie arrangement.

Det er eit mål om å få betra sanitærforholda for dei som kjem tilreisande med båt, med full restaurering av toalett og dusj med meir. Alt dette ligg i kjellaren i nabobygget. Dette vil vere særskilt kostnadskrevjande, og må vurderast nøyne. Vi har likevel eit mål om å få gjort arbeidet, sånn at vi er klar for å ta imot båtfolket på ein god måte neste sesong.

Lindås brygge er ein viktig og triveleg samlingsplass for lokalbefolkninga heile året, og for hytte- og båtfolk i sommarhalvåret. Vi er glade for å ha greidd å etablere ny drift, og det er vårt største ønskje at vi skal greie å halde drifta gåande i lang tid framover. Vi takkar for den hjelpe vi har fått av Lindås kommune i samband med etableringa. Nå håper vi på at Lindås kommune kan hjelpe oss til å få skjenketider meir lik våre nabokommunar.

Med beste helsing

Louie Bjørkedal
Dagleg Leiar
LB Bevertning AS/Lindås Brygge